

Sivilombudsmannen
Postboks 3 Sentrum
0101 Oslo

Deres ref
2010/1052

Vår ref
08/02846-3

Dato
10.6.2010

Revisjon av konsesjonsvilkår for Årdalsvassdraget - sakshandsamingstid

Departementet viser til Dykkar brev dagsett 6. mai 2010 om sakshandsamingstida i Olje- og energidepartementet av revisjon av konsesjonsvilkåra for Årdalsvassdraget. Vedlagt brevet frå ombodsmannen følgjer kopi av brev frå Årdal elveeigarlag.

Det vises til tidlegare korrespondanse i saka, særleg brev frå departementet til ombodsmannen dagsett 18. april 2006 kor departementet greier ut om sakshandsaminga av revisjon av konsesjonsvilkåra i vasskraftkonsesjonar. Revisjonssakene er sers kompliserte både rettsleg og politisk. Det er tidkrevjande å få løyst sentrale spørsmål knytt til revisjonssakene som til dømes krav om auka minstevassføring, pålegg om omfattande kulturminnevilkår og krav om kompensasjon for tidlegare utbygging.

Vinstra-saka var den første saka om revisjon av konsesjonsvilkår. Avklaring med andre departement av vanskelege og prinsipielle spørsmål, mellom anna knytt til vilkår om automatisk freda kulturminne, tok lengre tid enn det departementet såg føre seg. På bakgrunn av ein rapport frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Riksantikvaren, Oppland fylkeskommune og Numedals-Laugens Brugseierforening/ Statkraft Energi AS vart ei sektoravgift for bidrag til kulturminnevern i vassdrag først fastsett i St.prp. nr. 1 (2007-2008) for Olje- og energidepartementet.

Vedtak i Vinstra-saka vart fatta i desember 2008. Dei reviderte vilkåra i vedtaket har ført til ein ny omfattande debatt mellom anna om minstevassføring og kompensasjon. I regjeringa si plattform, Soria Moria II frå hausten 2009, går det fram at regjeringa vil gjennomgå regelverket knytt til revisjon av vasskraftkonsesjonar.

Sakshandsaming av Årdal-saka har av desse grunnane teke lengre tid enn det departementet tidlegare såg føre seg. Departementet vil no informere Årdal eleveigarlag om den vidare framdrifta i saka.

Med helsing

Per Håkon Høisveen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Harald Solli
avdelingsdirektør